



Kulturdepartementet

Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Vår dato: 14.06.2013

Vår ref.: 2013/263

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar :JK

Kulturutredningen 2014 - høyringsvar frå Høgskulen i Volda (HVO) og SEANSE*HVO/SEANSE argumenterer i høyringsvaret nedanfor for følgjande hovudsynspunkt:*

- **Samarbeidet mellom KUD og KD må intensiverast.**
- **Kulturskulen bør framleis vere plassert innafor KD sitt ansvarsområde.**
- **Det må gjevast ei forskrift knytt til lovfestinga av kulturskulen.**
- **Det er behov for ordningar for tildeling av kulturmidlar som i større grad kan motivere til kulturell satsing over heile landet.**
- **DKS treng fleire kvalitetsproduksjonar og opplegg for varig samarbeid mellom kunstnarane og skulen og utviklingsarbeid som kan opne opp for ei meir inkluderande ordning også for barn med spesielle behov.**
- **Sekretariatet for DKS bør styrkast men framleis ligge til Norsk kulturråd.**

Kulturutredningen 2014 gir ei oversikt over utviklinga av kulturpolitikken i Norge etter statsdanninga i 1814 og presenterer på denne bakgrunnen ei rekkje kulturpolitiske utfordringar. Utvalet prøver i utgangspunktet å legitimere behovet for ein nasjonal kulturpolitikk. Samla gir dette er eit godt grunnlag for utgreiinga.

Samarbeidet mellom KUD og KD må intensiverast

Både globale og nasjonale utfordringar knytte til udemokratiske og intolerante handlingsmønster, gjer det aktuelt å forankre norsk kulturpolitikk til dei tre nemnde hovudmåla: demokrati, rettferd og mangfald (s.318). Dette dreier seg om humanistiske dannelsesideal som det har vore brei semje om her i landet, men som stadig treng å haldast oppe. For HVO er det særleg interessant å kommentere *Kulturutredningen 2014* ut ifrå ein utdanningspolitisk synsvinkel. Vi vil her minne om at då det såkalla *Dannelsesutvalget* leverte si innstilling i juni 2009, uttrykte fleire av medlemmane sterk uro over utviklinga i høgare utdanning i Norge. Det vart vist til ein generell global tendens til å kvitte seg med grunnleggande danningselement både i skulen og i universitets- og høgskulesystemet. I denne samanhengen er det interessant å merke seg at *Kulturutredningen 2014* særleg finn grunn til å trekkje fram politiske utfordringar knytt til felt i skjeringspunktet mellom KD og KUD sine ansvarsområde. Vi tenkjer her på DKS og Kulturskulen. I tillegg nemner utgreiinga den manglande satsinga på kreative fag i skulen og i lærarutdanninga og mangelen på forskning innafor kulturfeltet. Ein del av utfordringane ein står overfor i kulturpolitikken, heng etter vår meining saman med mangelen på kunnskap og kompetanse som gjer seg gjeldande på fleire område innafor kulturlivet. Dette gjeld ikkje minst i møtet mellom skule og kunst. Dei kreative faga manglar kompetente lærekrefter, og kulturinstitusjonar og frie grupper manglar ofte barnefagleg/pedagogisk kompetanse. Meldinga peikar også på at behovet for kvalitetsvurdering ved tildeling av midlar til kunstnarlege prosjekt ikkje er stetta, og at det er trong for ei innstramming i tildelingane – *slik at det gis meir til færre* (s. 319). Manglande fokus på kvalitet vert også trekt fram i samband med tilbodet i DKS, og *Kulturløftet* si satsing på den kulturelle infrastrukturen er ikkje følgt opp med kulturelt innhald og kunstnarleg kvalitet (s. 318).

lovfestinga av kulturskulen

Kulturutredningen 2014 slår fast at det er tid for eit lokalt kulturløft. Auken i midlar til kulturtiltak har i stor grad gått til infrastruktur, og det er trong for styrking av den kulturelle grunnmuren (kap.15). Det er ikkje vanskeleg å vere samd i dette, men spørsmålet er om hovudtiltaka som utvalet gjer framlegg om, er realiserbare

i dagens politiske klima. Det er rett, som utvalet peikar på, at biblioteka og kulturskulane har tapt i kampen om pengane lokalt. Lovfesting av folkebibliotek og kulturskule har så langt ikkje hindra dette. Det har tidlegare vore peika på at ei forskrift knytt til lovfestinga av kulturskulen kunne ha sikra tilbodet betre og hindre spekulasjonar om kor lite tilbodet kan vere for å kunne seiast å støtte lovkravet. Forskriftsfesting var til dømes tilrådd i *Kulturskole for alle*, Kulturskuleutvalet 07. 09. 2010, s.22: *Kulturskoleutvalget foreslår forskrift for kulturskolen, knyttet til § 13-6 i Opplæringsloven*. Det er lite tvil om at bortfallet av øyremerka midlar til kulturskulen gav negative utslag i mange kommunar, men det har så langt ikkje vore politisk mogleg å gjeninnføre slik øyremerking. Når utvalet gjer framlegg om øyremerking av midlar til fleire tiltak; folkebiblioteka, kulturskulane, innføring av ei dirigentlønsordning og øvings- og framføringslokale i det lokale kulturlivet (s.318), er det grunn til å spørje om det ligg politisk realisme i dette framlegget. Her er elles, så langt vi kan sjå, ingen alternativ strategi.

Kulturskulen bør framleis vere plassert innafor KD sitt ansvarsområde

I Kulturløftet II lovar regjeringa kulturskule til alle jf. punkt 4 i Kulturløftet II (12.8.2009): *Det skal gjennomføres et kulturskoleløft slik at alle barn som ønsker det får et kulturskoletilbud av god kvalitet til en rimelig pris*. Det er langt igjen til realisering av dette. Ikkje berre har ein eit mål om full kulturskuledekking; i tillegg vert kulturskulane trekte fram som moglege ressurscenter i kommunane. Dette er også ein av grunnane til at utvalet gjer framlegg om å flytte over ansvaret for kulturskulen frå KD til KUD. *Utvalget mener at kulturskolens kjerneoppgaver som lokalt ressurscenter for kunstfaglig grunnutdanning og fordypning, opplevelse og formidling styrkes av en organisatorisk plassering i kultursektoren*(s.307). I argumentasjonen for flytting til KUD skriv utvalet mellom anna: *Videre mener utvalget at kulturskolen bør settes i stand til å ivareta sine kjerneoppgaver som er kunstfaglig grunnutdanning og fordypning bl.a. i samarbeid med de høyere kunstfaglige utdanningsinstitusjonene*(s.309). Det er noko uklart kva som er meint med *kunstfagleg grunnutdanning*, men når ein i denne samanhengen også vel å trekkje fram samarbeidet med *de høye kunstfaglige utdanningsinstitusjonene*, svekkjer dette argumentasjonen for flytting. Skal kulturskulen spele ei rolle i utdanningssystemet bør han framleis vere plassert innafor KD sitt ansvarsområde.

Her finn vi grunn til å understreke at samarbeidet mellom KD og KUD i høve både kulturskulen og DKS må vidareutviklast og prioriterast. Innføringa av «kulturskuletimen» i grunnskulen (statsbudsjettet 2013) er eit konkret døme på at regjeringa vel å sjå på ressursdisponeringa til grunnskulen og kulturskulen meir under eitt. Kunnskapsministeren sa i denne samanhengen: *Flere kommuner har gode erfaringer fra disse prosjektene (stimuleringsmidler fra Kulturløftet II), og med bruk av kombinerte stillinger. Disse erfaringene håper jeg kommunene vil ha nytte av i sitt arbeid med å utvikle sine kulturskoler og samarbeidet mellom kulturskoler og skole/SFO, sånn som vi nå legger opp til i statsbudsjettet.*

http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/aktuelt/taler_artikler/kunnskapsministerens-taler-og-artikler/taler-og-artikler-av-kunnskapsminister-k/2012/ny-kulturskoletime--nye-muligheter.html?id=705919

Det delte ansvaret for DKS har vore omtalt som ordningas *akilleshæl*. (s.9 Jorunn Spord Borgen og Synnøve S. Brandt, *Ekstraordinært eller selvfølgelig?*, NIFU/STEP 2006.) Berre med intensivering av samarbeidet mellom dei to departementa om desse tiltaka, som må omfatte både det profesjonelle kulturlivet, skulen og det frivillige feltet, kan ein lukkast betre med å utnytte den samla ressursbruken. HVO har i samband med arbeidet med utvikling *SEANSE, senter for kunstproduksjon* i Volda, sett store utfordringar knytt til samarbeidet mellom skulen og kultursektoren (<http://www.seanse.no/>). Sjølv om slikt samarbeid er utfordrande, er det viktig at ein lukkast med den felles satsinga som både det kunstfaglege og det barnefaglege feltet treng. Her må KUD og KD samarbeide, og vi trur ikkje ei flytting av ansvar er vegen å gå. Det er heller grunn til å forsterke skuleverket sitt ansvar for kulturfagleg prioriteringar. Utvalet skriv på s.42: *Men skolen er også en kulturbyggende institusjon i meir snever forstand, som en arena for opplæring i kunst- og kulturfag. Fra slutten av 1990-tallet av har denne spesifikke rollen gradvis blitt bygget ned gjennom reduksjoner i omfanget av undervisningstiden elevene får i disse fagene. Det er nærliggende å se denne utviklingen som et utslag av en forsterket vektlegging av de såkalte basisfagene i skolepolitikken*. HVO vil advare mot det avgrensa kunnskapssynet som har kome til uttrykk i debatten om basisfaga i skulen og til dei konsekvensane vi har sett av dette.

Med auka satsing på dei estetiske faga aukar også sjansen for å lukkast med Kunnskapsløftet – for å gi betre basiskunnskap. Men estetiske fag er ikkje ”støttedisiplinar”, dei har sin sjølvstendige plass og gir ein eigen lærings- og livskvalitet som eit samfunn i rask utvikling er avhengig av. HVO ser difor positivt på den varsla auken i satsinga på kulturforskning. Vi vil likevel minne om at det i UH-sektoren dei siste åra har vore problematisk å halde oppe breie kulturfaglege miljø, særleg på høgskulane. Dette heng saman med nedprioriteringa av dei estetiske faga i lærarutdanningssamanheng. Ein del fagmiljø opplever nedskjeringar og nedlegging av tilbod. Dette er uheldig i ei tid der det vil vere interessant med eit breitt forskingsengasjement i høve den nye satsinga.

tildeling av kulturmidlar som motiverer til kulturell satsing over heile landet

I Kulturløftet II, punkt 1 finn vi denne formuleringa: *Det skal tilstrebes en jevnere fylkesvis fordeling av kulturmidlene.* Utvalet meiner dette løftet er *innfridd* (s.225). Det vil nok vere vanskeleg å oppnå aksept for dette synet. Det er svært mange statistiske opplysningar og resonnement med meir eller mindre tydeleg uttalte premisser som truleg ligg til grunn for ein slik konklusjon. *Kulturmidlane* er ikkje eit eintydig omgrep, og innanfor dette ligg mange ulike tildelingsordningar. Det har over lengre tid vore retta kritikk mot Norsk kulturråd for svært låge tildelingar til ein del fylke. Fleire har tatt til orde for ei regionalisering av verkemiddelforvaltninga. Utvalet skriv på s. 209 at *Bakgrunnen for denne debatten er at Kulturrådet har blitt oppfattet som Oslo-sentrert blant kulturaktører i andre deler av landet.* Det er viktig å lytte til denne kritikken og finne fram til ordningar for tildeling som i større grad kan motivere til kulturell satsing over heile landet. Det må sikrast brei representasjon i ulike råd og utval slik at dei som skal fatte vedtak, har oversikt over kva som faktisk skjer på kunst- og kulturfeltet rundt om i landet. Dette blir ekstra viktig dersom utvalets mål om at *En større andel av de statlige kulturmidlene bør kanaliseres til ordninger i Norsk kulturfond* blir realisert (s. 19).

Auka satsing på institusjonane har ikkje ført til tilsvarende auke i publikumstalet. Dette vert problematisert i meldinga. Samstundes veit vi at auka kunnskap om kulturelle ytringsformer oftast fører til auka utbytte av kunstoplevingar. Dei profesjonelle kunstoplevingane som vert barna til del gjennom DKS, blir ofte frittstående opplevingar utan for- og etterarbeid. Noko av grunnen til dette er manglande kompetanse i mottakarledet; det vil seie skulen. Ordningar som tar utgangspunkt i langvarige samarbeid mellom kunstnarane og skulen, er under utvikling fleire stader i verda. SEANSE vore med på utviklingsarbeid knytt til å lage ein norsk modell av Teaching Artist-konseptet. Her ligg det, så langt vi kan sjå, gode mulegheiter for positiv vidareutvikling av DKS. Ikkje minst vil slikt utviklingsarbeid kunne opne opp for ei meir inkluderande ordning der også barn med spesielle behov kan involverast på ein betre måte. Vi vil i det heile streke under at barn både er eit krevjande og fullverdig publikum!

DKS treng fleire kvalitetsproduksjonar, opplegg med kunstnarlærarar (Teaching artist) og utviklingsarbeid/kunstprosjekt for barn og unge med spesielle behov

DKS er, som utvalet peikar på, eit formidlingstiltak som når heile landet(s.19). Vi er samd i at ressursinnsatsen på kulturfeltet i større grad må rettes mot slike tiltak. Det er då viktig at ein sikrar at det er kvalitetsproduksjonar nok i dette tilbodet, og at skulen i større grad har eit kompetent mottakarapparat. Vi minner her om ein av konklusjonane til Spord Borgen: *Man kan tenke seg en ordning der kompetanseheving av kunstnere kobles til at de arbeider med nye produksjoner, og at det foregår et samarbeid med et barnefaglig miljø.* (Borgen, J.S. og SS. Brandt (2006) Ekstraordinært eller selvfølgelig? Evaluering av Den kulturelle skolesekken i grunnskolen. Rapport 5/2006. Oslo: NIFU STEP. s.172). SEANSE har gjennom snart ti år gode erfaringar med praktiseringa av ei slik ordning gjennom kunstnaropphald og kunstverkstader.

Sekretariatet for DKS bør styrkast og framleis ligge til Norsk kulturråd

Utvalet drøftar tre ulike modellar for framtidig organisering av det nasjonale sekretariatet for DKS. HVO vil argumentere for ei styrking av det eksisterande sekretariatet som nå er lagt til Norsk kulturråd. Til grunn for vårt syn ligg vektlegginga av kunnskap og kompetanse på høgt nivå og vidare behovet for tverrkunstnarleg engasjement. Det er viktig at det vert lagt til rette for utvikling av kvalitetsproduksjonar over heile landet. Det

er såleis ulogisk at Rikskonsertane skal ha ei eiga ordning for utvikling av produksjonar innafor musikk for turnear rundt om i landet, medan dei andre kunstformane ikkje har slike vilkår for utvikling av produksjonar. Vi er elles samde med utvalet i at musikk allereie er dominerande i DKS i forhold til andre uttrykk, og at dette kan vere ei ekstra utfordring dersom ein vel å flytte sekretariatet til Rikskonsertane.

Det er svært positivt at utvalet så tydeleg erkjenner at norsk kulturpolitikk har ei kvalitetsutfordring. Berre med eit slikt utgangspunkt, kan ein leggje til rette for betre disponering av ressursane. Utvalet skriv på s. 49: *For at en mekanisme for kvalitetsvurdering skal kunne være legitim, som et ledd i den kulturpolitiske styringen av kulturlivet, må den nødvendigvis være kunnskapsbasert. Som det ble påpekt av forskere på starten av 2000-tallet, lå det en viktig kulturpolitisk utfordring i å bidra til slik metodeutvikling.* HVO og SEANSE ser fram til å følgje denne utviklinga vidare og til å vere med å bidra i arbeidet framover.

Med vennleg helsing



Jacob Kjøde
Direktør for Høgskulen i Volda

Marit Ulvund
Senterleiar for SEANSE

Karstein Sollid
Kunstnarleg leiar for SEANSE

Kopi til:
Det kongelige kunnskapsdepartement